

Bondeungdomslaget i Molde
Postboks 341
6401 Molde
<http://bulmolde.ungdomslag.no/>

Molde, 10. november 2009

Til medlemmene

Innkalling til årsmøte

Styret i Bondeungdomslaget i Molde kallar med dette inn til årsmøte.

Tid: Onsdag 2. desember 2009 kl. 19.30.

Stad: Reknes ungdomshus.

Saksliste:

1. Formalitetar
 - Godkjenning av innkallinga
 - Val av møteleiar
 - Val av to skrivarar
 - Val av to til å skrive under protokollen
2. Årsmeldingar
 - Frå styret i BUL
 - Frå hyttestyret
3. Orientering om Reknes Ungdomshus
4. Rekneskap
5. Forslag om å auke medlemspengane
6. Budsjett
7. Val

Til sak 5:

Noregs Ungdomslag har med verknad frå 2010 endra reglane for medlemspengar frå lokallaga og fylkeslaga. For BUL Molde blir det ein auke på ca. kr. 1820, dvs. ca. kr. 40 pr. medlem. Frå 2011 blir det sannsynlegvis også ein auke på fylkesnivået.

For at laget sjølv skal ha den same inntekta som før, foreslår styret å auke medlemspengane med kr. 50 til kr. 350 for fullt betalende medlemmer. Dei som er hovudmedlemmer i andre lag, skal som før betale kr. 80 i lokallagspengar til BUL.